



# Statens vegvesen

## Referat

**Dato:** 03.11.2023  
**Tid:** 1000 –1200  
**Referent:** Kjetil Sporsem

**Saksbehandler:** Kjetil Sporsem  
**Tlf. saksbeh.**  
**Vår dato:** 06.11.2023

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

<b>Møtenr:</b>	8–2023
<b>Stad:</b>	Teams
<b>Møteleiar:</b>	Tore Johan Øvstebø
<b>Til stades:</b>	<p><u>Styringsgruppe:</u> Eva Vinje Aurdal, Tore Johan Øvstebø, Øystein Tvedt, Kristin Sørheim, Ove Nesje, Kjetil Strand</p> <p><u>Sekretariatet:</u> Jøran Mentzoni Eilertsen, Torbjørn Vatnehol, Øyvind Gangstad, Kjetil Sporsem.</p> <p><u>Andre:</u> Ole Kristian Birkeland, Olav Megrund, Cathrine Helle–Tautra, Marit Krekvik, Christine Rørvik, Marius Maske, Sol Berntsen Slinning, Toril Karlsnes, Pergunn Rødseth Gjerdsbakk, Vebjørn Krogsæter, Sonja Katrin Roald, Ellen Kristin Aasen, Torgeir Blø, Hilde Johanne Svendsen, Linda Kjersem, Malin Anna Ramnemo, Miroslav Vasilev, Tobias Hay Slinning, Terje Reite (NRK)</p>
<b>Forfall:</b>	Anders Riise
<b>Kopi til:</b>	Fyll inn

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<p><u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa</u></p> <p>Tore Johan Øvstebø opna møtet.</p> <p>Orientering og behandling av brev styringsgruppa i Bypakke Ålesund v/ leiar Tore Johan Øvstebø fekk tilsendt 30/10 frå kommande ordførar Håkon Lykkebø Strand (Frp), varaordførar Monica Melvær (H) og leiar i planutvalet Hans Kjetil Knutsen (Å) ble meldt inn under sak 7– eventuelt.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
2	<p><u>Status kommunikasjon</u></p> <p>Øyvind Gangstad orienterte frå kommunikasjonsråd om status og aktivitetar per oktober 2023.</p> <p>Det er no litt i overkant av eit år sidan bomstasjonane i forbindelse med bypakken kom opp i Ålesund. Passeringsstatistikken tydar på at det er gjort eit godt kommunikasjonsarbeide ift. å gi informasjon til publikum om bompengesystemet og rabattordningane. Dei aller fleste har ordna seg med autopass-avtale og det verker som dei fleste finn den informasjon dei søker på nettsidene til bypakka. Kommunikasjon mottek få direkte spørsmål frå publikum.</p> <p>Informasjon om bompengordninga med prisar, rabattar og kvar bomstasjonane står er det som blir mest besøkt på nettsida, i tillegg til informasjon om dei største tiltaka i bypakka. Ein merka betydeleg auka trafikk i etterkant av valet i haust. Nettsida har no i snitt 10.000 besøkande kvar månad.</p> <p>Nettsida har fått etablert ei kartoversikt som stadig utbetrast. Oversikta viser alle tiltaka i bypakken og ein kan sortere etter type tiltak (vegar/sykkel/trygg skuleveg/kollektiv). Ein kan òg sortere kva tiltak som er planlagt i et avgrensa nærmiljø.</p> <p>Bypakka er aktiv i sosiale mediar og profilerar seg ute i bybildet, på bussar, skilt og liknande. Det er viktig å profilere bypakka med skilting ved aktivitetane som føregår i bypakkens regi.</p> <p>Ein har stor fokus på kommunikasjon rundt prosjekt, med tidlege varslingar og generell informasjonsdeling i pressemeldingar men og ved å gjennomføre opne informasjonsmøter for naboar og andre interessentar.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa tek saka til orientering</p>	
3	<p><u>Konsumprisjustering av bompengetakstane og rabattjustering for nullutsleppskøyretøy i Bypakke Ålesund</u></p> <p>Kjetil Sporsem presenterte saka.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Innkrevjing av bompengar i Bypakke Ålesund starta 22. august 2022. Gjennomsnittstaksten skal iht. Veileder for bompengeprojekt evaluerast etter 1–2 års drift.</p> <p>Registreringane i passeringstatistikken viser ein trend med fallande inntekter mot proposisjonen. For å sikre finansieringa av Bypakke Ålesund er det nødvendig å justere bomtakstane i prosjektet i tråd med konsumprisindeksen, slik det er forutsett i Stortingsproposisjonen.</p> <p>Registrert gjennomsnittstakst for bypakken har falt i innkrevingsperioden. Pr. september 2023 har gjennomsnittsprisen falt til 8,3 kr/passering. Gjennomsnittstaksten i stortingsproposisjonen er 14,50 (2021kr).</p> <p>For Bypakke Ålesund ble takstane ved innkrevingsstart vedtatt på grunnlag av proposisjonens takstar (2021 kr) utan ytterlegare justering. Ved justering av takstane i henhold til prisstigning vil justeringa ta utgangspunkt i gjennomsnittleg konsumprisindeks 2021, og deretter justerast til konsumprisindeks pr. oktober 2023.</p> <p>I gjeldande takstvedtak for Bypakke Ålesund er det fastsett 50% rabatt for nullutsleppskøyretøy. Denne rabatten kan reduserast til 30% i tråd med regelverket, og bør vurderast i takt med aukande andel passeringar av nullutsleppskøyretøy.</p> <p>I påfølgande diskusjon var det bred enighet i styringsgruppa om ei glidande tilnærming til fastsett gjennomsnittstakst i stortingsproposisjonen etter konsumprisjusteringar, heller en større enkeltvis endringar.</p> <p>Ein gikk deretter til vedtak med eit tillegg til innstillinga, fremmet av Kristin Sørheim (MRFK). Tillegget fremgår som siste setning i vedtaket.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Styringsgruppa for Bypakke Ålesund ber om følgande vedtak i Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune for å sikre finansiering og gjennomføring av Bypakke Ålesund etter Stortingsproposisjonens intensjon. Det understrekast at dei endelege vedtaka må vare likelydande:</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist									
	<p>Bompengetakstar for Bypakke Ålesund justerast i henhold til endring i konsumprisindeks frå 2021 til oktober 2023, i tråd med proposisjon og regelverk. De nye grunntakstane blir dermed:</p> <table border="1" data-bbox="306 477 986 685"> <thead> <tr> <th></th> <th>Takstgruppe 1</th> <th>Takstgruppe 2</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td><b>Nye takster</b></td> <td>29</td> <td>58</td> </tr> <tr> <td><b>Dagens takster</b></td> <td>26</td> <td>52</td> </tr> </tbody> </table> <p>Rabatt for nullutsleppskøyretøy i Bypakke Ålesund reduserast frå 50% til 30% i tråd med regelverk.</p> <p>I Bypakke Ålesund gir MRFK/ÅK si tilslutning til at endring av takstar etter KPI er eit forhold mellom bompengeselskap og takstmynde. Endringer som overstig prisjustering i samsvar med KPI skal ha lokalpolitisk behandling før nytt takstvedtak kan fattast.</p>		Takstgruppe 1	Takstgruppe 2	<b>Nye takster</b>	29	58	<b>Dagens takster</b>	26	52	
	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2									
<b>Nye takster</b>	29	58									
<b>Dagens takster</b>	26	52									
4	<p><u>Raudt dekke i sykkelfelt</u></p> <p>Jøran Mentzoni Eilertsen presenterte saka.</p> <p>For å tydelig skille sykkelfelt frå bilveg har det dei siste 5–10 åra blitt vanlig i dei fleste byar i Norge å anlegge raudt dekke eller raud asfalt i sykkelfelt. Den raude fargen fungerer som ein visuell indikator som hjelp trafikantar å gjenkjenne og forstå at dei kryssar ein sykkelbane.</p> <p>Raud asfalt tiltrekker seg oppmerksomhet og fungerer som en påminnelse for bilister å vare ekstra forsiktige og sjå etter syklistar når dei krysser sykkelfelt. Dette bidrar til å auke bevisstheta om syklistar og dei sine rettigheter på veien. I tillegg signaliserer den raude fargen at syklistar har ein egen bane dedikert til dei, noko som kan oppmuntre fleire mennesker til å velge sykkel som transportmiddel. Det kan bidra til å redusere trafikkbelastninga og fremme miljøvennlege transportalternativer.</p> <p>Bypakke Ålesund jobber parallelt i flere prosjekt med å etablere kommunens første sykkelfelt. Blant anne er fylkeskommunen i gang med utbyggingen av Tonningsgate og Statens vegvesen forbi Sykehuset på Åse. Raudt dekke kan etableras på fleire måter, og i</p>										

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>prinsippet finnes to muligheter. Anten farga asfalt eller farga overflatebehandling av eksisterende dekke.</p> <p>Kostnadene ved å etablere raud asfalt er høgare enn vanlig svart. Det kan vare vanskeleg å samanlikne pris, fordi svart asfalt etableres ofte samtidig med resten av vegen, medan raud asfalt kun etablerast for sykkelfelta.</p> <p>Ålesund kommune har ein heilt ny asfaltavtale med ein av dei lokale entreprenørena på asfalt, og prisen for raud asfalt ligg 3,5 ganger høgare enn svart asfalt, mellom 400 og 500kr pr. m2. Samanlikna med andre byar ligg prisen i Oslo 2 til 3 ganger høgare for raud asfalt enn svart.</p> <p>Prisen for raudt plexidekke og raud asfalt er ganske lik i Ålesund, medan maling er billigare. Det siste er dog enda mindre haldbart enn plexidekke. Asfaltverkene i Ålesund seier at det bør vare ei viss mengde asfalt for at prisen ikkje skal bli for høg. Det vil difor vare ein fordel å samkjøyre prosjekta i bypakke der det er mogleg.</p> <p>For sykkelfelt med fortau samt gang- og sykkelveggar der syklistane er adskilt fra kjørande, er det ikkje behov for raudt dekke. Kanskje bortsett fra kryssningspunkt der syklistar har forkjøringsrett. Vår vurdering er at desse løsningsane vil fungere heilt fint med svart asfalt, skilting samt enkelte sykkelsymboler i vegbanen.</p> <p>Ålesund kommune jobber med å oppgradere gatenormalen. Det er eit mål om å få den vedtatt i løpet av året. I dagens normaler nevnes ikke raudt dekke. Arbeidsgruppa som jobber med normalene har som mål å inkludere krav om raudt dekke i dei nye normalene.</p> <p><u>Vedtak:</u></p> <p>Bypakke Ålesund vedtar at alle prosjekt med sykkelfelt i kjørebane skal etableres med raudt dekke.</p>	
5	<p><u>Oppstartsvedtak forlengelse av Tonningsgate – Skarbøviksgata</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol presenterte saka.</p> <p>Styringsgruppa vedtok oppstart av prosjekt-ID 704 «Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua» i møte 03/03/23.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Då vedtok styringsgruppa at prosjektet kunne lysast ut på anbod og at anleggsarbeida kunne starte i 2023, med styringsramme 37,1 mill kroner. I same sak orienterte sekretariatet om ei mogleg forlenging av sykkelfeltet, og at ein kunne ta stilling til dette etter anboda var levert inn.</p> <p>MRFK la inn arbeid med ny vassleidning for kommunen i anbudet til sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua. Dette arbeidet blir betalt direkte av kommunen og belastar ikkje bypakka. Kommunen har behov for å leggje vassleidning lenger enn utstrekninga for sykkelprosjektet. For å etablere vassleidninga må ein grave opp gangveg og delar av vegbana. Planen var i utgangspunktet å reetablere gangvegen slik den er i dag, men det er mogleg å heller etablere sykkelfelt og fortausløyising på strekket.</p> <p>Om ein ønsker å gjennomføre den moglege forlenginga av sykkelfeltet bør opsjonen med forlenging bestillast med entreprenør i desember for å halde planlagd framdrift.</p> <p>Før ein kan forlenge sykkelfeltet må reguleringsplan for området vedtakast. Reguleringsplanen er foreløpig ikkje vedteken, men ein jobbar for at dette skal skje i løpet av november 2023. For å ikkje tape tid ynskjer sekretariatet at ein allereie no vedtek oppstart, med atterhald om at reguleringsplanen blir vedteken.</p> <p>Styringsramma for det opphavelige prosjektet utan opsjonen er 37,1 mill kr. Etter innkomne anbod er forlenginga berekna til 8,5 mill inkl mva.</p> <p>Partane i styringsgruppa støttar tiltaket som dei meiner er godt begrunna, fornuftig og gir god nytte for bypakken. Det vart kommentert at saker som kjem opp for styringsgruppa og som medfører endring av styringsramme for tiltaket bør syne ei foreslått inndeckning av kostnadane.</p> <p><u>Vedtak</u></p> <p>Styringsgruppa vedtek at opsjonen med forlenging av sykkelfelt på strekninga Tonningsgate – Skarbøvikgata kan bestillast, med atterhald om at reguleringsplanen blir vedteken.</p> <p>Total styringsramme for prosjekt-ID 704 «Sykkelfelt Tonningsgate – Steinvågbrua» inkludert forlenginga Tonningsgate – Skarbøvikgata</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>blir 45,6 mill kr. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune.</p> <p>Utvidelsen av styringsramma dekkast av post 7 Sekkeposten for sykkel, gange, kollektiv og trafikksikkerhet.</p>	
6	<p><u>Orientering om omtale og oppstartsbevilgning til statlige tiltak i bypakken, ref forslag til statsbudsjett 2024</u></p> <p>Kjetil Sporsem orienterte.</p> <p>Styringsgruppa har mandat til å drive porteføljestyling innanfor dei fastsette finansielle rammene i St. prop.</p> <p>Ein har vedtatt fordelinga av statsmidlar mellom prosjekta ved oppstart av bypakken, og tilpassa dette gjennom årlege rulleringar av handlingsprogrammet.</p> <p>Tiltak i bypakken som har ein statlig finansieringsandel krever oppstartsbevilgning før tiltaket kan iverksettast. Bypakken må difor forhalde seg til dei årlege bevilgningane som gis gjennom statsbudsjettet, noko som til ein viss grad begrenser styringsgruppens mandat til å drive fri porteføljestyling.</p> <p>I forslaget til statsbudsjett for 2024 manglar Kollektivknutepunkt Campus og Lerstادتoppen–Campus oppstartsbevilgning. Begge desse tiltaka ligg inne med oppstart i gjeldande handlingsprogram. Dette må hensyntas i rulleringen av handlingsprogrammet.</p> <p><u>Vedtak</u></p> <p>Styringsgruppa tek saka til etterretning.</p>	
7	<p><u>Eventuelt</u></p> <p>Brev til Styringsgruppa i Bypakke Ålesund</p> <p>Mandag 30.10.2023 mottok styringsgruppa ved leder Tore Johan Øvstebø brev underskrevet av kommende ordførar Håkon Lykkebø Strand (Frp), varaordførar Monica Melvær (H) og leder i planutvalget Hans Kjetil Knutsen (Å).</p> <p>I brevet peikast det på at det nye politiske lederskapet i kommunen ønsker å vurdere betydelege endringar i planane knytt til</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Posthuskrysset og bussterminalen i Keiser Wilhelms gate. Styringsgruppa blir bedt om å halde ei orientering for formannskapet i møte 07.11.2023</p> <p>Tore Johan Øvstebø presenterte i møtet eit forslag til svarbrev. Styringsgruppa har lagt vekt på å halde formannsskap og planutvalg oppdatert om framdrift i vedtatte prosjekt. Det vil styringsgruppa fortsatt gjere innenfor sitt mandat:</p> <p>Mandatet til styringsgruppen er å arbeide for gjennomføring av prosjektene og tiltakene i Bypakke Ålesund i tråd med Kommunestyret, Fylkestinget og Stortingets vedtak.</p> <p>Styringsgruppen skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– styre prosjektportefølgen innenfor dei vedtatte tids- og økonomirammene til bypakken.</li> <li>– gi anbefaling til partene om nødvendig lokalpolitisk behandling ved vesentlig avvik i prosjektgjennomføring/porteføljestyling. Slike tilfeller kan angå f. eks. mål – og resultatstyring opp mot disponible midler, planstatus eller kapasitet på planlegging og gjennomføring.</li> </ul> <p>Styringsgruppen har sitt mandat frå kommunestyret i Ålesund, fylkestinget i Møre og Romsdal og fra Stortingets proposisjonsvedtak, – og ei eventuell endring av eit vedtatt prosjekt må kome frå kommunestyret i første omgang.</p> <p>Styringsgruppen har ikkje mandat til å foreslå eller skissere korleis eit vedtatt og igangsatt prosjekt kan endres, og ber derfor om at saka takast opp tjenesteveg via kommunedirektør i Ålesund med tanke på ei utredning for kommunestyret.</p> <p><u>Vedtak</u></p> <p>Styringsgruppen har vurdert henvendelsen fra kommende ordfører Håkon Lykkebø Strand, datert 30.10.2023.</p> <p>Styringsgruppen stiller seg bak fremlagte svar til Håkon Lykkebø Strand, Monica Molvær og Hans Kjetil Knutsen.</p>	